Halsabrotet-plan til ettersyn no

17.02.2011



Slik ser planen ut når den no er lagt ut til ettersyn.

Reguleringsplanen for det nye bustadfeltet i Halsabrotet er no lagt ut til offentleg ettersyn på SPAR og kommunen si heimeside.

Erlend Bjørnebøle og Magne Huglen står bak planen og den vil liggja ute for eventuelle merknadar fram til 21. mars.
Dei skal sendast til Ingo Bewer i sektor for samfunnsutvikling

Det er Byggadministrasjon Harald Bjørndal på Eikelandsosen som har utarbeida forslaget og det gjekk gjennom forvaltningskomiteen før jul.

Der vart behovet for fortau opp frå fylkesvegen understreka og etter forslag frå leiar Einar Saghaug (Inbyggjarpartiet) vart det samrøystes vedteke at det skal setjast krav til vurdering av fortau/trafikksikring i ROS-analysen.